

# Tusen takk for at du gjev!



## Det nyttar!

Ditt bidrag er med på å gje barn og unge eit godt tilbod i kyrkja vår. Konkrete trusopplæringstiltak som Lys Vaken og Tårnagent-helg til dømes. Du støttar diakonalt arbeid på Møteplassen og det litt usynlige arbeidet diakonen gjer i møte med enkeltungdommar og i oppfølging av besøkstenesta.

Gjevartenesta vår gjorde det enklare for bispedømerådet å gje løyving på 70 % av spesialprest Håkon Kinsarvik. Vi skal finansiere 30% av stillinga hans. På årsmøte på Tveit bedehus var det fleire faste gjevarar som oppjusterte det månedlige beløpet sitt og vi er nærare målet om å nå 400 000 kroner i året.

Oppjusterer du beløpet kvart år er du med å:


- sikra inntekter til løn
- kjøpe brakker til Løvegjengen
- tilby meir søndagsskule, både i og utanfor kyrkja
- tilby fleire trusopplæringstiltak
- bidra til andre tiltak som du brenn for

Vil du oppjustera ditt beløp? Eller melde inn andre i husstanden som vil verte fast gjevar?

Send ein e-post til kyrkjevevja på [au887@kyrkja.no](mailto:au887@kyrkja.no)

Tusen takk for ditt bidrag så langt, saman skapar vi ei levande, inviterande og utrustande kyrkje!

## FASTE GJEVARAR




Det er 57 faste gjevarar per mai 2019.

Nye gjevarar kan registrera seg gjennom det elektroniske skjemaet på [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no) (klikk på «om kyrkjelyden» og «gjevartenesta»)

*Kvar må gje det han har bestemt seg for i sitt eige hjarte, ikkje med ulyst eller av tvang. For Gud elsker ein glad gjevar. 2. Kor 9,7*

## GJEVARTENESTA



PS: Beløpsgrensa for skattefritak for gåver til frivillige organisasjonar er auka til 50.000 frå 2019.